



**RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SØKNADER FRÅ LAG/  
ORGANISASJONAR OM ØKONOMISK STØNAD FRÅ KOMMUNEN.**

*Jnr.:00848/94/Arkiv:223 F /Regnr.:002656/95/Saksb.:HS*

Rådmannen si innstilling samrøystes vedteken.

Vedtak:

Hareid formannskap vedtek fylgjande retningsliner for handsaminga av søknader frå lag/organisasjonar og liknande om økonomisk stønad frå kommunen som ikkje omfattar ordningar som er aktivt utlyste/kunngjorde frå kommunen si side:

- a) Søknader skal sendast/leverast rådmannskontoret.
- b) Søknader frå lag/organisasjonar og liknande. vert å leggje fram for formannskapet til avgjerd i samla sak kvart kvartal, dvs. 4 gongar i løpet av året.
- c) I samband med handsaminga av søknader etter ovannemde punkt b har formannskapet høve til å sende søknader over til avgjerd ved vedkomande faginstans/-organ i kommunen som er sett til å ivareta det arbeidsområdet/interesser søknadene omfattar.
- d) Rådmannen kan, utan handsaming i formannskapet etter ovannemde punkt b, sende søknader over til avgjerd ved vedkomande faginstans/-organ i kommunen som er sett til å ivareta det arbeidsområdet/interesser søknadene omfattar.

**Hareid formannskap 08.03.1995 – FSK 95/0067**